

Osterøy kommune,
v. Pelle Engesæther.
Osterøy kommune
Postboks 1
5293 Lonevåg.

Innspel til kommuneplanen sin arealdel.

Haus sokneråd kjem med følgjande innspel:

1. Det er svært viktig at kommunen tek omsyn til at parkeringstilhøva ved kyrkja og kyrkjelydshuset blir godt ivaretekne med plass til god parkering både framfor hovudinngangen og nedanfor kyrkja mot Straumen og prestebraua. Haus kyrkja er den største kyrkja på Osterøy og blir i tillegg til ordinære gudstenester, konfirmasjonar, gravferder og bryllaup, brukt til konsertar og større arrangement for mellom anna alle konfirmantane på Osterøy.

Slik det er i dag er det begrensa med parkeringsplassar og heile område utanfor butikken blir teke i bruk både når det er gravferder, konfirmasjonar, konsertar og bryllaup eller andre større arrangement. Det bør og bli teke omsyn til utvida parkeringsmuligheiter opp mot kyrkjegarden i Mjelddalen. Slik det fungerer i dag, må ein parkera langs hovudvegen når det er gravferder. Dette kan skapa trafikkfarlege situasjonar.

2. Det må og leggjast til rette for trygg skuleveg og trafikktilhøve i område kring barnehagen, skulen og idrettsbana.
3. Når det gjeld grøntområde og friluftsområde er det og svært viktig at kommunen sikrar både prestegardshagen prestegardsbryggja, prestebraua, Straumen og sanatoriet som friluftsområde. Det same gjeld kyrkjebryggja og strandsona inkludert båthamna. Heile dette område må bli eit allment friluftsområde. Det vil vera med å gjera Hausbygda til ei god og attraktiv bygd å bu i.
4. Osterøy kommune må sikra at deler av dette ikkje blir selt til private. Prestegarden skal no overførast frå OVF og tilhøyra Den norske kyrkja sin eigedom.

Haus, 19.04.2022

Haus sokneråd
Madli Kvamme Hannisdal
leiar